

# VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

Nr. 2 –  
November 2010

I dette nummeret kan du lesa om fylgjande:

NYTT FRA VENELAGET! .....	1
I OLAV H. HAUGE SIN HEIM .....	2
INTERVJU MED JOHANNE MARIE TIME AKSNES..	5
INTERVJU MED ERLEND NØDTVEDT .....	8
EIT MÅLERI, EIT DIKT OG TO VENER .....	10
NÅR STUBBADIKT FIKK NEMNINGA KORTDIKT ELLER MODERNISME .....	13
REFERAT FRÅ ÅRSMØTE, 18. SEPTEMBER 2010 .....	19
VAL FOR PERIODEN 2008–2010.....	22
ÅRSMELDING 2008–2010 .....	23
REFERAT FRÅ STYREMØTE, 8. JUNI 2010 .....	24
VEDTEKTER FOR VENELAGET OLAV H. HAUGE	26
STYRET OG ADRESSER .....	28



## NYTT FRA VENELAGET!

Kjære lagsmedlemmer, og andre lesere!

Medlemsheftet du nå skal igang med å lese, er det første med undertegnede som redaktør. Samtidig er det også det siste til Øystein Hide, som har vært redaktør fra første utgave av heftet (mars 2007). Jeg overtok store deler av innholdet av han. For dere som leser, kommer det nok ikke til bli en veldig merkbar overgang. Mine intensjoner er å videreføre det gode arbeidet som har blitt gjort til nå. Jeg håper å kunne bidra til en regelmessig utgivelse, og hefter med interessant stoff fra medlemmer og andre.

Dette nummeret har blitt godt, synes jeg, og legger lista der jeg vil ha den. Vi åpner med et dikt Francois Monnet, en av Olav H. Hauges oversettere til fransk, skrev i Ulvik under poesifestivalen 2006. Det har ikke tidligere vært publisert, og forteller mye om hvordan møtet med Olav H. Hauge og hans verden kan oppleves. Både Johanne Marie Time Aksnes, som fikk tildelt Venelagets studiestipend, og Erlend Nødvedt, vinner av Ung Poesi i Hordaland er intervjuet. Vi har også fått plass til to artikler, av henholdsvis Bleie og Skjerven, hvor Olav H. Hauge og hans diktning står i fokus.

Jeg håper dere får like mye glede av å lese dette heftet, som jeg har hatt av å gjøre det i stand. I det videre arbeidet som redaktør, håper jeg på mange innspill og bidrag fra dere lagsmedlemmer og lesere.

God lesning,

Stefan Andreas Sture

# I OLAV H. HAUGE SIN HEIM

*Av Francois Monnet*

Flott musikk  
fine dikt  
varm røyst  
i Olav H. Hauge  
sin heim  
den litle garden.  
Ikring er  
unge epletre  
med raude eple  
raude  
raude  
og runde  
glade eple.

No er opplesinga  
ferdig.  
Eg har lagt meg  
i det grøne, saftige graset  
attmed låvebrua  
stille og fredeleg  
ettermiddag  
etter ei lang reise  
med bil

med tog  
med metro  
med buss,  
ikkje minst til fots  
med tung koffert  
gjennom Paris  
med fly  
med bil  
med tog  
med bil  
hit  
til Olav H. Hauge  
si bygd  
her er det  
ei fargerik kyrkje  
alle veggane inne  
er rosemåla.

Har nesten  
ikkje fått mat  
sidan igår:  
fem knekkebrød  
med brunost  
to pannekaker  
med heimelaga  
rømme og  
syltetøy.

Ikkje så verst  
når ein er i  
so djup venleik  
næringsrik  
venleik.

Eg kjenner meg  
so nøgd, roleg  
i dette grøne saftige  
graset over fjorden  
under hausthimmelen  
med ettermiddagslys  
etter ein lang reise  
etter ein sommar rik  
på arbeid,  
har kome heim  
her  
i Olav H. Hauge  
sin heim.

Hans vesle stad  
i Verdás ende.

(Rossvoll, Ulvik i Hardanger, 16. september 2006. Etter ein konsert med Christian Ellefsen, Karl Seglem og Håkon Høgemo. Med hjelp av Birgit Berg)

# INTERVJU MED JOHANNE MARIE TIME

## AKSNES

*av Øystein Hide*

### **Kva tankar gjorde du deg i si tid om å verte tildelt Venelaget sitt Studiestipend?**

Eg blei både overraska og glad. Overraska fordi eg trudde prosjektet mitt kanskje var for spesielt og for fjernt ifrå det juryen var ute etter. Glad fordi eg opplevde interesse og aksept for ein litt annleis innfallsvinkel til Hauges diktning.

### **Korleis opplevde du tida etter tildelinga, og kva gjekk pengane til?**

Først og fremst opplevde eg tildelinga som ein stimulans og oppmuntring til å jobbe vidare både med dette spesielle prosjektet og med å finne fram til tema for det som skulle bli diplomoppgåva på arkitekthøgskulen. Pengane kom godt med i ei slunken studentkasse, der det stadig var behov for innkjøp av materiell.

### **Opplevde du at stipendet la føringar på det vidare arbeidet ditt etter tildelinga?**

Ja, til ein viss grad – og på ein positiv måte. Hauge var på eit vis med meg inn i diplomstudiet på BAS, og påverka den vinklinga diplomoppgåva mi fekk. Diplomprosjektet, 'Fjordfield – facing the edge', var også lokalisert til Hardanger og Hardangerfjorden med det formål å utvikle ein 'produktiv sone' ved fjorden, undersøkje ulike måtar å forholde seg til 'fjordkanten' på. Det handla om å finne

karakteren til dei ulike natur- og kulturlandskapa langs den valde sonen – og skape nye, fleksible strukturar knytt til identiteten til stadene. Her var Hauges kvardagsdikt og hans ”ikkje-romantiske” haldning til heimstaden – til inspirasjon.

**Koplinga arkitektur/poesi kan av mange verte oppfatta som uvanleg og ny. Står du ein særleg tradisjon her, eller var dette noko nytt, også for deg?**

Eg hentar vel heller inspirasjon og idear ufrå den staden eg er på til einkvar tid, og kan såleis ikkje seie at eg står i ein heilt bestemt tradisjon. Men blant dei som har betydd ein del, er arkitekten Christian Norberg-Schultz. Hans tankar om ’stadens karakter’ (’genius loci’) og koplingar mellom musikk – poesi og arkitektur, har vore viktige for meg både under arbeid med Hauge-prosjektet og diplommet.

**Er det ei særleg side ved arkitektur som ikkje folk flest får med seg i det daglege, og som du meiner du kan fremje med prosjektet ditt?**

Kanskje er det ein tendens til at ein ser på arkitektur som isolerte byggverk – og ikkje som ein del av eit større miljø. Arkitektur dreier seg først og fremst om å skape gode rom for handling.

Med Hauge-prosjektet ynskjer eg å skape opne og assosiative rom som fyrst vert levandegjort når folk tek dei i bruk.

**I kva grad var tankane du fremja i prosjektet ditt inspirert av Hauge sitt syn på å skapa noko?**

Vanskeleg å svare konkret på. Kanskje opplever eg at hans syn på å skape, har noko av det prøvande og prosessuelle ved seg. Når ein les dikta hans, er det som om ein følgjer tankane hans på vegen. Og kanskje bør arkitekturen også ha meir av dette opne, prøvande ved seg. At ein ser det som ein prosess som kan endre seg undervegs – og ikkje minst at ein ser det som ein prosess i eit historisk lys. Korleis bygde ein før, kva bør vi ta med oss vidare? Korleis byggje for framtida?

Noko av Hauges poetikk ligg i diktet ”Lauvhyttor og snøhus”; om det ubestandige; det som blir bygd, som endrar seg og som ein gong blir borte: ”Eg synest / likevel / det er gildt / å laga dei, då / har eg som eit hus / ei liti stund.”

**Kva gjer du i 2012? Teiknar du høghus for eit veletablert arkitektfirma, eller er du interiøransvarleg/utsmykkingsleiar for Litteraturhuset i Bergen?**

Den som det hadde visst! Eg er no utdanna arkitekt, men med fordjuping i landskap. Håpet mitt er å finne ein jobb der eg kan få kombinere bygnings- og landskapsarkitektur. Kanskje er ikkje høghus då det første ein ønskjer å planlegge, heller eit Litteraturhus med muligheit til å forme rom som kan samspele med eller opne for ulike tekstar landskap.

Men det treng sjølvsagt ikkje vere eit motsetningsforhold mellom å planlegge høghus og mindre skala-prosjekt. Vekslinga mellom store og små prosjekt kan tvert imot vere nødvendig – for ikkje å gløyme den heilskapen all arkitektur står i.



## INTERVJU MED ERLEND NØDTVEDT

*av Øystein Hide*

**Kva tankar gjorde du deg i si tid om å vinne Ung Poesi i Hordaland?**

Jeg tenkte at her starter eventyret. En tid før jeg fikk beskjeden om at jeg hadde vunnet, ble nemlig diktsamlingen min (hvor diktene jeg sendte inn inngikk) antatt på Aschehoug. Min karriere som poet begynte fabelaktig i Ulvik, et vakkert rom på Brakanes – er det slik det er å være forfatter?

**Korleis opplevde du tida etter tildelinga, og kva gjekk pengane til?**

Premiepengene kom noenlunde samtidig som jeg fikk utbetalt honoraret for diktsamlingen. For første gang i mitt liv var det mer enn 5000 kroner på kontoen. Disse pengene gikk hovedsaklig til bohenvirksomhet, som jeg anså, og kanskje fremdeles anser, som en viktig del av litteraturvirket.

**Opplevde du at prisen la føringar på det vidare arbeidet ditt etter tildelinga?**

Slett ikke. Jeg følte at jeg hadde fått en perfekt start, jeg ble kastet inn i litteraturoffentligheten med en anerkjennelse i ryggen. Prisen var en viktig bekreftelse på at jeg hadde noe å fare med. Jeg gikk derfor inn i bokhøsten med rankere rygg.

**Du legg stor vekt på at dikt skal framførast, ikkje berre**

**lesast. Kven har inspirert deg mest på dette feltet?**

Jeg synes ærlig talt vi ikke har for mange store opplesere. Det finnes selvfølgelig strålende unntak. En Claes Gill som leser Nygard for eksempel, en Vold, en Nyquist, en Hauge, en Yngve Pedersen, en Rebolledo Pedersen, en Torgeir Schjerven. Dette har kanskje med forskjellig syn på opplesningssituasjonen å gjøre. Noen synes at teksten skal stå for seg selv, at den ikke skal skygges for av pust og person. Men da kan vel bare teksten deles ut? Poesi og stemme er etter mitt syn uløselig knyttet sammen.

**Er det liv laga å vere poet i Noreg i dag? Formidler du verdier som andre i samfunnet ikkje kan tilby?**

Til kamp mot den instrumentelle fornuft. Poesi er viktigere enn det meste, det angår oss alle akutt. Jeg betrakter den gode poesien som forskning i språk, man kommer videre, forstår mer, selv om man bare finner nye hindringer kommer man videre.

**Du veksler mellom poesi og faglitteratur, i kraft av at du er masterstudent i litteraturvitskap. I kva grad påverker desse to retningane kvarandre, og meiner du at poesi er avhengig av kommentarlitteratur og analysar?**

Jeg er ikke redd for teori. En ting er at jeg finner det problematisk å jobbe med diktmanus samtidig som jeg skriver på masteroppgaven (om Kristofer Uppdals alderdomsdiktning). Det er to helt forskjellige modi, og det er ikke bare lett å svinge mellom det akademiske språket og poesien til stadighet. Men det er soleklart av vi trenger fortolkningsindustrien.

**Kva gjer du i 2012? Er du universitetslektor med poesi som hovudfelt, eller omflakkande poet?**

Ideelt sett sitter jeg småpussa på Hydra med arbeidsstipend og skriver gudebenådet poesi. Men jeg er redd jeg jobber 50 prosent som norsklærer, hvis jeg ikke kjører truck og håper det er litt energi igjen til skriving om kvelden.

## EIT MÅLERI, EIT DIKT OG TO VENER

*av Johannes P. Bleie*

**Måleriet ”Vårnatt i hagen” av Nikolai Astrup inspirerte i følge historia som går Olav H. Hauge til å skrive diktet ”Til eit Astrup-bilete.**

19/12 - 1956 vart diktsamlinga ”Seint rodnar skog i djuvet” av Olav H. Hauge omtala av Jon Bleie i sterkt rosande ordelag i bladet ”Hardanger”. Like etter det byrja dei to hardingane å skriva til kvarandre, og ein livslang venskap var komen i stand. Jon Bleie, f. på Bleie i Ullensvang i 1904, død 1981, var lærar i Espe krins i Ullensvang 1929 – 1969, og heimen hans vart eit kunst- og kulturhus med store samlingar av god målarkunst og høgverdig litteratur. Som bokelskar og bokskjønar var han vide kjend. Jon Bleie var venesæl, her kom Jakob Sande på ferie kvar einaste år, her møtte ein målarane Henrik Sørensen og Harald Kihle frå Telemark og mange andre kulturfolk. Og her kom Olav H. Hauge på vitjing, og då kunne han sjå takkegåva si glas og råme inne i stova til Jon Bleie, diktet ”Til eit Astrup-bilete”.

I 1958 gav Jon Bleie steintrykket ”Vårnatt i hagen” av Nikolai Astrup som gåve til Olav H. Hauge på 50-årsdagen hans. Jon Bleie skreiv dessutan ein omtale av Olav H. Hauge i ”Gula Tidend” 18/8 - 1958, der det heiter m. a.: ”Det er kjært å bla i dei tre bøkene Olav H. Hauge har gjeve ut, ”Glør i oska”, ”Under bergfallet” og ”Seint rodnar skog i djuvet”. Hauge er ein tankens mann, med ei var og sterk naturkjensle. Her er syner, lyfte opp i eit forklåra ljøs, her talar

tvisynet og ein sunn, usentimental livsvisdom. Alt er så ekte, med møter ein mandig resignasjon utan frasor og ordblomar. Difor får han på ein meisterleg måte fram nyansar i tanke og bilete.” Det litterære parnasset har ofte diskutert kven som ”oppdaga” Olav H. Hauge. Jon Bleie er i alle fall eit alternativt svar, sett frå ein lokal ståstad.

Så kom altså Astrup-bilete til Rossvoll, og Olav H. Hauge skriv i dagboka si 23/10-1958:

I dag har eg laga råde på ”Vårarbeid i hagen” av Astrup, det steintrykket eg fekk av Jon Bleie. Det er no kome på veggen. Og det er festleg. Det vert ei liti høgtid kvar gong eg ser på det. Eg har ikkje nett so mykje av kunst på veggene, berre nokre små målarstykke av Undeland. Dei er elles gode nok.

8/11-1958 står følgjande i dagboka:

Biletet av Astrup, ”Nattarbeid i hagen” er komen på veggen. (Eg fekk det av Jon Bleie i sumar.) Det er godt. Eg ligg og ser på det. Dei grev med noko i ein åker, dei tvo, venteleg i grønsakene. Eller dei sår, det kan høva, for apalen blømer. Og fullmånen stend yver snjofjelli på andre sida vatnet. Det er som frelsaren trør på vatnet, og signar dei. Dette siste er det kanskje eg som legg i det, diktar til, lesnaden av Böhme gjer vel sitt til at eg ser det slikt. I all fall er det mild fred i den månen og gullsøyla i vatnet.

Så kom diktet ”Til eit Astrup-bilete” med i diktsamlinga ”På Ørnetuva” frå 1961. Diktet er ein såkalla sonett, ei diktform med to firelinja og to trelinja. Det er vel kjent at Olav H. Hauge sette

sonettforma svært høgt. Det er heller ikkje uvanleg at Olav H. Hauge nytta ein annan kunstnar sitt verk som utgangspunkt for diktinga si, så me vel seia at gåva frå Jon Bleie var eit lukketreff! Seinare i livet skulle han og få gåver som inspirerte han til å dikta. Men det er ein anna soge, som kanskje gjevaren kan fortelje meir om?

Venskapen mellom Olav H. Hauge og Jon Bleie var sterk, og Hauge er nærast skamrosande i omtalen av bøkene til Jon Bleie, som t.d. *Folk under Folgefonn* og *Hestar før Hardingslepa*. Jon Bleie var ein kulturpersonlegdom, og han hadde alltid tid til å snakka med oss borna, og me visste godt at han skreiv forteljingar i Norsk Barneblad. Det var gildt for oss ungane når Jon Bleie og Jakob Sande kom på vitjing til Espe, og Sande tok fram lutten og song om vesle Daniel som skulle ut i verda.

No skal Olav H. Hauge og Jakob Sande knytast saman med Arne Garborg, Rasmus Løland og Per Sivle i Diktarvegen, Hauge-senteret står på trygg grunn og me fekk ein vellukka Poesifestival 2010. Kanskje skulle me på vegen framover tenkja med takk på folk som Jon Bleie som gav Olav H. Hauge tilskuv til det vakre diktet med gåva si, og ikkje minst Nikolai Astrup som i "Vårnatt i hagen" kanskje viser oss skiljet mellom draum og røyndom. Men analysen skal du gjere sjølv!

# NÅR STUBBADIKT FIKK NEMNINGA KORTDIKT ELLER MODERNISME

*av Arne Skjerven*

**I vår samarbeidde eg med professor emeritus Idar Stegane (fyrste med mastergrad om Olav H. Hauge si dikting) om opplæringa av omvisarar til bygdevandringar i Ulvik.**

**Sentralt i desse vandringane er sjølvsagt lyrikaren Hauge.**

Medan me laga eit opplegg for ungdommelege omvisarar, dukka det om lag samstundes opp i hovudet på Stegane og meg uttrykket stubbavers. Dette uttrykket har ikkje vore brukt i litterær samanheng før, og i alle fall ikkje i omtalar av diktinga til Hauge, sjølv om han i ein viss mon var oppalen, samlar og brukar av stubbadikt lenge før modernismen fekk gjennomslag i 1960-åra.

Ein god stubbe kjenner me dei fleste av oss. Rein vossastubbe av Per Sivle er eit framifrå døme på ein stubbe i litterær samanheng. Slike stubbar kan vel jamvel kallast novellar. Men stubbane kan også vera kortare, ofte på nokre liner. Mest avgjerande for ein god stubbe er at dei har ei slåande og råkande avslutning, noko som sit i minnet og vert hugsa. Det må gå an å kalla ei slik avslutning for eit ordtak eller aforisme.

Her kjem eit framifrå døme på dette.

LJÅEN

Eg er so gamal

at eg held meg til ljå.

Stilt syng han i graset,  
og tankane kan gå.  
Det gjer ikkje vondt heller,  
segjer graset,  
å falla for ljå.

### **Slå og onna**

No vert ikkje graset rive opp med rota eller slamslått, men skore av ved rota. Kven av oss vil vel verta skorne ved rota? Kan det koma noko godt av det? Jau, meiner nok Hauge, og her er den uventa avslutninga: Det gjer ikkje vondt heller, segjer graset, å falla for ljå. Med kvass ljå kan graset slåast, og dermed onnast og haustast. Det kjem til nytte. Det er eitt. Like viktig er det at når det vert slege og onna, så kjem det til nye spirar, som kan veksa og haustast på nytt. Utan at Hauge treng ha tenkt på det, så er det nett slik mykje av diktinga han også er, me brukar dikta, og ofte kjem det nye innfallsvinklar. Dei er ikkje berre til å lesa og oppleva (slå og onna), men dei gjev og inspirasjon til musikk, biletkunst, dans og mykje meir.

### **Tidleg modernist**

Sjølvsagt fekk Hauge eit puff eller ein dytt i baken for å bruka dei nye versa i 1960-åra, som fekk nemninga modernisme i litterær samanheng. Han kleiv opp på styltrene, og dermed kunne han til og med telja sauene til naboen, skriv han sjølv om den gamle diktaren, som prøver seg som modernist. Han såg altså at andre brukte nye verseformer, ofte kortdikt utan enderim.



Hauge vart med på notane med ein gong. Men når ei ser etter i arbeidet Hauge utførde frå 1940 til 1960, så er ikkje dette uventa. Han hadde i fleire samanhengar vore innom stubbadikt. Jja han kjende denne uttrykksforma så godt, at denne nye og moderne skrivemåten ikkje var noko nytt for han. Difor kom dikta som ”erter or ein pose.”

### **Rim og regler**

I ei kladdebok etter diktaren finn ein denne regla eller diktet frå Ulvik, som godt kan seiast å vera eit stubbadikt, sjølv om det har enderim. Siste linar viser det tydeleg.

Bjødnen sat borti bakkjen  
mangt so munde han hugsa.  
Ska` eg yve dan breie fjord  
so fær eg so våt ei buksa.

No skal eg ta meg litt fridom, og i det som fylgjer, er det ei blanding av vers og tekst. Eg gjer tydeleg merksam på at det i kursiv og i hermeteikn er omskrivingar. Eg meiner likevel at det kan syner litt om den tidlege modernisten Hauge.

Fyrst kjem det eit rim etter mor hans, Katrina Hauge.

”Graut og mjølk  
so eg ikkje tole,  
men he du ramost,  
gje meg ein mole,  
en he du ikkje,

so æ da so,  
du veit eg gav deg no nye sko.”

Hauge skreiv dette nedi ein setning eller periode, altså ikkje på verseliner. Men det er ikkje vanskeleg å tenkja seg dette som stubbavers.

Hauge samla også inn om lag 100 ordtak, også på 1940-talet. Ordtaka er tidfesta til 1944. Dei fyrste 85 har til og med nummer.

Fyrst kjem nummer 14:

”Du ska` kje alt ga  
i Guds kiste helde;  
nuke ska i fans taska òg”.

Så nummer 31:

”Laurdag å non,  
sa jento,  
og nottæ so lang  
so ein maone.”

Hauge skreiv også desse to i ein setning, periode. Men eg tykkjer den fridommen eg tek meg her, gjer at ordtaka også kan gli inn i kordiktforma, ja dei er stubbadikt.

Ordtak laga også Hauge sjølv. Kan henda det vil vera rettare å nytta uttrykket aforismar. Eg skal ta fram to slike, som er litt lengre, og gjera det same som over. Det fyrste er frå 1944 og det andre frå 1952, altså i god tid før modernismen slår igjennom i Noreg.

”Vegvisarane viser folk  
leid og veg,

dei stend og peikar mangarma  
på vegskilti.

Mange forførarar viser òg vegen og leidi for folk,  
men dei gjeng ikkje sjølve,  
dei helle.”

”Plomor som du handfær,  
vert før mogne,  
men aldri so fine  
som dei som fær hanga i fred.  
Slik er det med kvinnfolk òg.”

Lat oss fylgja fridommen vidare, og så gjera omvendt: Lat oss sjå med  
to dikt!

”Eg er berre ei slegge. Eg stend der no. Eg lyt berre til når det røyner  
på.”

”Elvane møtes, frå kvar sitt fjell. Grip kvarandre i hendene. Blandar  
sin song og sitt blod.

Held fram einige, sterkare, snåvar ikkje so lett i steinane: Turrskodd  
skal ingen vassa oss no!”

Attende til stubbadikt

Eg er ei sleggja.

Eg stend her no.

Eg lyt berre til

når det røyner på.

Elvane møtest, frå kvar sitt fjell.

Grip kvarandre i hendene.

Blandar sin song og sitt blod.

Held fram einige, sterkare,

snåvar ikkje so lett i steinane:

Turrskodd skal ingen vassa oss no!

Ja, så var Hauge modernist do desse to dikta saman med mange andre med same oppbyggnaden kom i samlinga ”Dropar i austavind” i 1966. Hauge skreiv kortdikt, han var modernist. Nemninga stubbadikt vart gløymt litterært, sjølv om Hauge nytta henne munnleg til nokre få (to det eg veit).

### **Ungdommen lovprisa Hauge**

Hauge sine stubbadikt vart godt mottekne. På 1970-talet, flokka ikkje minst ungdom seg når Hauge las opp. Klappsalvene hagla, tilropa var positive, og Hauge kunne ha lese i timevis (eg opplevde dette siste til dømes på eit årsmøte i Ulvik målungdom.

Dette er ein tanke å ta med seg. Sjølv sagt skal litteraturvitarar forska og skriva oppgåver om Hauge og modernismen. Men, eg trur ikkje ungdommen ser det store i det.

Lat ungdommen skjønna kva ein god stubbe er, gle seg over ein god stubbe, dela ein god stubbe med andre, og så hugsa.

Håvamål overlevde fleire hundreår på folkemunne. God lyrikk, som vert motteken i form og innhald kan også leva lenge. Den gode stubben er ein av innfallsportane til eit levande lyrikksenter, slik det er meininga å få i gang i Ulvik. Veit, du! som Hauge sa, då han understreka noko.

# REFERAT FRÅ ÅRSMØTE, 18. SEPTEMBER 2010

Stad: Rossvoll, i huset etter Olav H. Hauge

Tid: Laurdag 18. september 2010, kl. 09–10.30

Årsmøtet 2010 vart også denne gongen gjennomført på Rossvoll hjå Stein Olav Kolås. Det møtte 18 medlemmer og 1 observatør (hadde ikkje fått betalt medlemspengar før møtet).

1. Innkalling og dagsorden godkjent

2. Konstituering

- Unni Solem valt som møteleiar
- Torbjørg Austrud valt som referent
- Teljekorps: Olav Ljones

3. Rekneskap 2008–2010

Kasseraren la fram rekneskapen som var gjennomgått av revisorane og godkjent utan merknader.

4. Årsmelding 2008–2010

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga som vart godkjent utan merknader. Følgjande tema vart diskutert:

- Seminaret på Poesifestivalen
- Boksamlinga
- Medlemskort
- Samarbeidsavtalar for å skaffe fram medlemsfordelar

5. Innkomne saker

- Medlemspengar

Det kom framlegg om å auke medlemspengane.

1. – til 200 kr

2. – til 250 kr

Røysting.

Framlegg om medlemspengar 200 kr pr. år fekk 15 røyster.

Framlegg om 250 kr fekk 2 røyster og fall.

Vedtak.

Medlemspengar vert 200 kr pr. år.

- Vedtektsendringar

Styret kom med framlegg om følgjande endring i vedtektene:

Ny ordlyd på §5:

Venelaget skal ha ein medlem i styret for Haugestiftinga, og ein medlem i styret for Ulvik Festivalutvikling. Det skal veljast varafolk for desse to. Dei vert valde på årsmøte.

(Opphavleg ordlyd på §5: Venelaget skal ha eit medlem i styret for eit museum knytt til diktarheimen til forfattaren på Rossvoll, og ein medlem for dei kommunale poesidagane. Det skal veljast varafolk for desse to.)

Etter noko diskusjon vart årsmøtelyden samde om følgjande:

A. Vedtektsendringane vert utsett til neste årsmøte.

B. Styret må før neste årsmøte, leggja fram eit nytt punkt i vedtektene som viser prosedyre for vedtektsendringar.

C. Framlegg om vedtektsendringane vert å senda ut til

medlemene før neste årsmøte.

Det vart vidare bestemt at styret skal utarbeide ein handlingsplan med budsjett.

## 6. Val

Framlegg frå valnemnda – alle valde med akklamasjon (sjå “Val for perioden 2008–2010”).

## 7. Vegem framover for Venelaget Olav H. Hauge (ordet fritt)

Tema som var oppe:

- Flyers til bruk for medlemmar og andre på stands, kurs eller andre høve
- Boks på internettsida
- Medlemstalet

Møtet vart avslutta med kaffi og eplekake. Takk til vertskapet for hus og kaffi og nydeleg kake.

Ulvik, 29.9.2010

Torbjörg Austrud – referent



## VAL FOR PERIODEN 2008–2010

Vedteke på årsmøtet 18. september 2008.

### **Styreleiar:**

Unni Solem, Ulvik (attval) 2010–2012

### **Styremedlemer:**

Tone Tveit, Kvam (ny) 2010–2012

Torbjörg Austrud, Ulvik (attval) 2010–2012

Stephen Walton, Volda (attval) 2010–2012

Johannes Bleie, Bergen (attval) 2010–2012

### **Varamedlemer:**

Svein Ove Duesund, Øystese (ny) 2010-2012

Stefan Andreas Sture, Sarpsborg (ny) 2010–2012

### **Representant til styret i Olav H. Hauge-stiftinga:**

Tone Tveit, Kvam (ny) 2010–2012

Johannes Bleie, vara, Bergen (attval) 2010–2012

### **Representant til styret for Ulvik Festivalutvikling:**

Torbjörg Austrud, Ulvik (attval) 2010–2012

Unni Solem, vara, Ulvik (ny) 2010–2012

### **Valnemnd:**

Elisabeth Sølvsberg Aase, Voss (attval) 2010-12

Eli Lillebø, Stord (attval) 2010–2012

Steinar I. Bergo, Ulvik (ny) 2010–2012

### **Amboltprisnemnd:**

Øystein Hide, leiar, Cambridge (ny) 2010–2012

Idar Stegane, Bergen (attval) 2010–2012

Sverre Tusvik, Oslo (attval) 2010–2012

**Revisor:** Olav Bergo, Ulvik (ny) 2010–2012

**Kasserar:** Anders Oppheim, Ulvik (attval) 2010–2012

## ÅRSMELDING 2008–2010

Styret i denne perioden har vore:

Unni Solem, leiar

Øystein Hide, nestleiar

Styremedlemer: Torbjørg Austrud, Stephen Walton, Johs Bleie

Vararepresentantar: Daniel Hydle, Elin Rondestveit

Styret har hatt 6 styremøte i perioden.

Representant i styret for Haugestiftinga: Unni Solem

Representant i styret for Ulvik Festivalutvikling: Torbjørg Austrud

Viktige saker som har vore arbeidd med:

- Heimesida, som har fått ein noko endra layout i 2009. Det er m.a ny e-postadresse og betre høve for fleire skribentar å leggja ut stoff på sida.
- Venelagsheftet, som Øystein Hide har hatt ansvaret for. Mange interessante artiklar i 2008–10. Takk til alle som tek utfordringa som skribentar og deler sin kompetanse og sine refleksjonar! Det syner seg at det er noko ambisiøst å produsera og få sendt ut 4 nummer årleg, så vi endar nok på 2–3 utgåver årleg.
- Planlegging av seminar under Poesifestivalen 2010, der temaet

til slutt vart ”Den fleirfaglege Hauge”. Styret går inn for at Venelaget tek ansvar for eit slikt fast seminar i tilknytning til kvar Poesifestival.

- Haugestiftinga og Haugesenteret: Styret har gjennom vår representant i styret for Haugestiftinga halde seg orientert om den svært viktige utviklinga som har pågått i perioden.

Konsolideringsprosessen med Nynorsk Kultursentrum har vore ein tidkrevjande og spennande sak som no har resultert i ein samarbeidsavtale for vidare utvikling. Spørsmåla kring forvaltning av boksamlinga etter Olav H. Hauge har og vore på dagsorden kontinuerleg. Kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune har teke eit initiativ og er no med som ein part i drøftingane mellom Haugestiftinga og eigar av heimen til Olav H. Hauge, Rossvoll. Drøftingane gjeld både framtidig forvaltning og plassering av boksamlinga, og på kva måte Haugesenteret kan få tilgang til Rossvoll.

- Medlemstalet til Venelaget er stabilt. Vi har fått om lag 10 nye medlemmer, og 3–4 er gått ifrå. Styret har ikkje praktisert purringar til dei medlemmene som ikkje har betalt medlemskontingent. For å oppfylla formålet vårt med å spreia kjennskap til og interesse for Hauge si dikting, vil vi halda fram med å senda medlemsheftet til alle som står på medlemslista, inntil dei eventuelt sjølve melder at dei ikkje er interesserte i å motta det lenger. Styret oppmodar alle til å melde frå om adresseendring samt å betala kontingenten!

- I 2008 mottok Venelaget Kulturarbeidarpris frå Hordaland fylkeskommune, kr 30 000 samt eit diplom. Diplomet heng førebels på tenestetorget til Ulvik Herad, men vil seinare få sin plass på

Haugesenteret.

Ulvik 31.08.2010,

Styret v/ leiar

## REFERAT FRÅ STYREMØTE, 8. JUNI 2010

Ole Irgens vei 17, Bergen

Tilstades: Unni Solem, Johs Bleie, Stephen Walton, Torbjørg Austrud.

Forfall: Øystein Hide, Daniel Hydle, Elin Rondestveit

1. Innkalling og sakliste godkjent

2. Referatet frå møtet godkjent med følgjande rettingar: NORLA er forkorting for Norwegian Literature Abroad.

3. Seminaret på Poesifestivalen

Stephen undersøker min. og maks. tal deltakarar for seminaret.

Magne Sørestrand formidlar kontakt ut til alle skulane i regionen (me ringde til han under styremøtet).

Venelaget sin e-post har no ei eiga mappe for påmelde.

4. Poesifestivalen

Programskisse lagt fram til orientering. Det går snart til trykking.

5. Om Haugesenteret

Venelaget vart informert om framlegget frå Nynorsk

kultursentrum- Ivar Aasen-senteret, der Ottar Grepstad i brev til Hordaland Fylkeskommune foreslår ei skisse til kompromiss vedrørende kvar

bøkene etter Hauge skal oppbevarast. Rossvoll er kanskje ein rett plass med omsyn til autentisitet, men omsynet til samlinga tilseier sikring – slik ein får gjort det i Haugesenteret/ Heradshuset. ”Kven vil luske rundt der for å ruse seg på autentisk stemning”(– sitat Stephen 8.6.). Skaff dublettar av det ein kan få tak i og erstatt i huset på Rossvoll.

## 6. Årsmøte 2010

Vi legg årsmøtet til Rossvoll, laurdag 18. sept kl 09.00.

Valnemnda er Elisabeth S. Aase, Arne Skjerven og Eli Lillebø. Unni tek kontakt med valnemnda, men sjekkar først ut kven i styret som ynskjer å halde fram – alle er i prinsippet på val i år.

Styret må samla seg om aktivitetar vi ser for oss i dei næraste to år:

- Venelagsheftet 2 pr. år
- Heimesida
- Seminar kvart 2. år
- Skipa lokallag i Oslo

Medlemsmassen – stor medlemsmengde er eit poeng, då får vi spreidd informasjon og interesse for Hauge si dikting til mange via heimeside og Venelagshefte. Kontroll med innbetalt medlemskontingen er ikkje noko prioritert aktivitet for styret. Vi skriv eit innlegg i venelagsheftet og oppfordrar alle til å betale, jamvel om dei ikkje får tilsendt purringar.

## 7. Status for prisane

Arne Skjerven glad for Amboltprisen.

Ung Poesi i Hordaland er lyst ut, Øystein har ordna denne biten. På førre styremøte vart me samde om å ikkje lysa ut Studiestipendet denne gongen.

8. Ymse

Ved trong for det kan vi ha eit styremøte fredag kveld under Poesifestivalen – elles e-postkontakt for å førebu årsmøte. Styret klistra adresselappar og sender ut Venelagshefte (det rette) seinare i veka.

Torbjørng Austrud – referent

## VEDTEKTER FOR VENELAGET OLAV H. HAUGE

Vedtektene vart samrøystes vedtekne på skipingsmøtet 21. august 1999 på Elvatun i Ulvik.

1. Namnet på laget er "Venelaget Olav H. Hauge".
2. Føremålet med laget er å fremja interessa for Olav H. Hauge si dikting.
3. Medlemar av laget greier ut medlemspengar, som vert fastsette på årsmøtet.
4. Venelaget skal gje ut medlemsblad.
5. Venelaget skal ha medlem i styret for eit museum knytt til diktarheimen til forfattaren på Rossvoll, og ein medlem for dei kommunale poesidagane. Det skal veljast varafolk for desse to.
6. Venelaget skal ha styre med leiar, nestleiar, kasserar, skrivar

og styremedlem. Det skal veljast to varafolk. Leiaren er på val ved kvart årsmøte, medan dei andre i styret og på varalista går skiftesvis ut, slik at styremedlem, skrivar og ein av varafolka på skipingsmøtet vert valde for ein bolc.

7. Årsmøtet vert halde i samband med "Poesidagane i Ulvik", annakvart år. Årsmøtet skal kunngjerast minst ein månad på førehand. Det skal ta føre seg årsmelding og rekneskap, og elles planlegging for komande arbeidsbolc. Årsmøtet vel òg valnemnd og ettersyn. Vala er for to år.

8. Omframt årsmøte vert halde når styret eller 1/5 av medlemmane krev det.

9. Endringar av vedtektene eller eit krav om oppløysing av venelaget kan berre gjerast på vanleg eller omframt årsmøte. Då krevst det at 2/3 av dei frammøtte er samde om det. Om det kjem vedtak om oppløysing, skal midlar og verdiar gå til museet, som ber namnet til Olav H. Hauge.

Svarhe Krossen  
i kvite skje  
lister: regnet grønt

## STYRET OG ADRESSER

På årsmøtet på Rossvoll laurdag 18. september 2010, vart dette styret valt:

- Styreleiar: Unni Solem, Ulvik
- Styremedlem: Tone Tveit, Kvam (Venelaget sin representant i Olav H. Hauge-stiftinga)
- Styremedlem: Torbjørg Austrud, Ulvik (Venelaget sin representant i Ulvik Festivalutvikling)
- Styremedlem: Johannes P. Bleie, Bergen
- Styremedlem: Stephen J. Walton, Volda

Varafolk:

- Svein Ove Duesund
- Stefan Andreas Sture (ansvarleg for Venelagsheftet og nettsidene)

**Kontakt oss på desse adressene:**

E-post: [post@venelagethauge.no](mailto:post@venelagethauge.no)

Adresse: Venelaget Olav H. Hauge  
v/Unni Solem,  
Postboks 5, 5731 Ulvik  
Telefon og SMS: 91695164

Redaktør for medlemsheftet:

Stefan Andreas Sture • E-post: [stefansture@gmail.com](mailto:stefansture@gmail.com)

Adresse: Postboks 1189, 1705 Sarpsborg • Telefon og SMS: 928 54 647

Fundes de klake uve  
Olav H. Hauge